

## Vintervandrevæg

Ikkje alle er interessert i å gå på ski, men kan ha glede av å gå tur i vinterlandskapet til fots. Test ut dei to løypene som er tilrettelagt for dette:

1) I lysløypa på austsida av Otra, frå Hovden sentrum til Hegni, er det skilta ca. 1 km med vintervandrevæg. Folk med ski har eit klassiske skispor og i resten av løypa kan du gå på fottur. Du kan også krysse Støylsbrua og gå eit lite stykke sørover i løypa derfra, til enden av vegen i Otrosåsen Hyttegrend. Da får du evt. ein fin rundtur ved å gå gjennom hyttefeltet, ut til Breivegegen og tilbake til sentrum.

2) Det finnes frå før av ei trugeløype til Hartevasstjønn, som no også er skilta som vintervandrevæg. Frå kulverten ved Hovden Høyfjellsenter eller dagparkering Sør følger du løypa til "Hovden vassverk". Derfra går ein kort trasé til løypa "Hartevasstjønn". Følg denne til løypekryss nr. 37. Her stoppar vintervandrevægen, og du som går til fots eller med truger, må gå samme veg tilbake.

God tur!

Helsing turistkontoret



## Frivillige til arrangement på Jarebu

Laurdag 17/6 skal me ha ei storslagen offisiell opning av dagsturhytta Jarebu i Bykle! Eg treng frivillige som kan vere med i planleggingsgruppa og/eller kan bidra på sjølve dagen. Ta kontakt med Frivilligsentralen: [merete.egeland@bykle.kommune.no](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no)



## Bygdekinoen

### Hovden grendehus:

#### Tysdag 11. april

kl.16.30 - Dancing Queen

kl.18.30 - Dungeons & Dragons:  
Honor among thieves

#### Laurdag 22. april

kl.15.00 - Super Mario

kl.17.00 - Peer Gynt



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

April 2023 34. ÅRGANG | OPPLAG 545

## Kulturkafé

**Onsdag 19 april** kjem Morten Bragdø attende til Samfunnshuset i Bykle for ein triveleg planteprat. Me byrjar klokka 18.00 som vanleg, og det blir enkel servering. Har du spørsmål om planter og hage til Morten, så ta dei med!

### Boksirkel

Boksirkelen møtast måndag 17/4 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Doktor Romand" av Emmanuel Carrere". Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

**Velkommen!**

**Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral**



### Møte om Viking & Villrein

**Tid: 27. april 2023 kl. 18. Stad: Hovdetun (2. etasje)**



**VIKING & VILLREIN**

Mange deltok da vi presenterte prosjektet på Hovden grendehus i juni i fjor. Mykje har hendt sidan det og vi vil gjerne fortelje om korleis utviklinga har gått. Er du interessert/nysgjerrig på vår lokale historie, jernutvinning, villrein, mat og sanking, kan det være du har interesse av å få med deg dette. Vi jobbar også med å få tak i ein foredragsholdar. Følg med på nettsida eller Facebooksida vår for meir info: [www.vikingvillrein.no](http://www.vikingvillrein.no) / [www.facebook.com/vikingvillrein](https://www.facebook.com/vikingvillrein)

Velkommen!

Helsing Viking & Villrein  
Lina Fredin (prosjektleiar)

## Sommarjobb for skuleelevar/studentar med fast bustadsadresse i Bykle kommune i tidsrommet 26.6. - 11.8.23.

Aktuelle søkjarar blir tekne inn etter alder og kommunen sitt behov for arbeidskraft. Ordninga gjeld for elevar/studentar som har gjenge på skule eller studert på heiltid seiste halvår. Skuleelevar kan søkje frå dei er ferdige med 10. trinn. Det er ingen jobbgaranti.

Bykle kommune treng sommarvikarar innan desse områda:

- Teknisk drift og eigedom Bykle og Hovden
- SFO Bykle og Hovden (helst over 18 år og gjerne med sertifikat)
- Barnehage Bykle og Hovden (helst over 18 år)

### Arbeidsoppgåver

Grønt, vedlikehaldsoppgåver ute og inne, reinhald, teknisk drift og eigedom

Ulike aktivitetar med ungane, SFO og barnehage

### Kvalifikasjonar

Du må vere ferdig med 10. klasse og ha fast bustadsadresse i Bykle kommune

### Personlege eigenskapar

Punktleg, ansvarfull og påliteleg

### Vi tilbyr løn etter tariff

For å arbeide i SFO og barnehage er det krav om godkjent politiattest. Søkjarar til SFO og barnehage må vere over 18 år, men det er ikkje eit absolutt krav. SFO og barnehage er stengd i veke 29 og 30.

Søkjarane må skrive i søknaden når tid dei ønskjer å arbeide og prioritert arbeidsområde. Arbeidsperioden må vere samanhengande.

Sjå [bykle.kommune.no](http://bykle.kommune.no) 'ledige stillingar' for søknadsskjema

**Søknadsfrist: 12.04.2023**

**AKT Svipp** Kollektivt meir tilpassa deg  
Eit tilbod frå Agder kollektivtrafikk

## Vi svippar deg frå dør til dør

AKT Svipp i Bykle er ei samkøringsteneste for alle i Bykle kommune. Vi hentar deg der du er, og køyrer deg dit du skal innanfor gyldighetsområdet.

### Dette er AKT Svipp:

- AKT Svipp blir køyrt med eigen minibuss måndag og torsdag mellom kl. 8.30 og 14.30. Minibussen hentar deg heime til avtalt tid, og køyrer deg dit du skal innanfor området der du kan reise med AKT Svipp.
- AKT Svipp er ei samkøringsteneste, og dette inneber at det kan kome på fleire passasjerar på bussen under turen. Hugs å rekne god tid dersom du har ein avtale til eit bestemt klokkeslett.
- Du kan bestille reise 1 veke fram i tid, og du kan ha 10 aktive bestillingar om gongen. Oppgi kva tid du ønsker å bli henta og køyrd heim att, om du treng hjelp med handlenett og liknande, eller om du har med hjelpemiddel som til dømes rullator eller rullestol.

Bestill  
Svipptur på  
[svipp.akt.no](http://svipp.akt.no)  
eller på telefon  
907 16 815





Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no) Frist er 15. kvar månad.

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

Politiske møter og saksdokument vart finn de på heimesida

### Ny turnuslege til Hovden og Bykle legekantor

1. mars starta vår nye LIS 1 lege ved Hovden og Bykle legekantor. Ho heiter Nikola Mahrikova og skal jobbe hos oss frå 1. mars til 1. september.

Vi ynskjer ho velkomen til bygda!

### Vaksineanbefalingar for våren 2023:

- Ny oppfriskningsdose anbefalast til personar 75 år og eldre, samt sjukeheimsbebuarar.
- Det bør ha gått meir enn 6 månader sidan førr dose.

Dei som ynskjer vaksine kan ta kontakt med legekantoret. Vaksiningen vil skje på fastsatte dagar i april.

### Leige av rom på samfunnshuset og grendehuset

Visste du at både samfunnshuset i Bykle og grendehuset på Hovden kan leigast til private arrangement? Me leiger mellom anna ut gymsal, lesesal, kinosal og kjøken både i og utanfor opningstida. Kontakt grendehuset på Hovden eller samfunnshuset i Bykle for leige av lokala

Epost: [grendehuset@bykle.kommune.no](mailto:grendehuset@bykle.kommune.no) / tlf: 90216856

### Rådhuset er stengt onsdag 5. april

### Bostøtte

Bostøtte er ein statleg ordning for deg som har låg inntekt og høge buutgifter. Sjekk [husbanken.no/bostotte](http://husbanken.no/bostotte) for å sjå om det er aktuelt for deg.

### STYRK-økonomien

er eit tiltak for deg som har kome i ein økonomisk vanskeleg situasjon på grunn av auka levekostnader. Meir informasjon finn du på [bykle.kommune.no](http://bykle.kommune.no)

### Høyrsel

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunebesøk 19. april. Dette er eit tilbud til deg som allerede har høyreapparat.

Ønsker du time ta kontakt med høyrselkontakt i kommunen: Annette Trydal, telefon 91641495, epost [annette.trydal@bykle.kommune.no](mailto:annette.trydal@bykle.kommune.no)

### Sjå filmen av då Bykle-ordføraren fekk seg ein sveiv i bygdebussen!

Bygdebussen i Bykle kommune, AKT Svipp, er i sving med køyring måndagar og torsdagar. Tilbodet er heilt gratis både for fastbuande og tilreisande. I samband med at tilbodet vart starta opp tok Bykle-ordførar Jan Dagfinn Dalen seg ein sveiv frå rådhuset i Bykle til Hovden og ned att. Sjå filmen på heimesida, Youtube eller Facebook og finn ut kor enkelt det er å skaffe seg gratis skyss i Bykle kommune!

### Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek Hovden grendehus og bibliotek:

Måndag - Torsdag 8-21, Fredag 8-16  
Redusert opningstid man-ons i veke 14: 9-16.  
Stengt på raude dagar i påska

### Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-16.30, Onsdag 13-15, Torsdag 10-16.30  
Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.  
Stengt i veke 14

[grendehuset@bykle.kommune.no](mailto:grendehuset@bykle.kommune.no) / tlf: 90216856  
[samfunnshuset@bykle.kommune.no](mailto:samfunnshuset@bykle.kommune.no) / tlf: 47685262  
[biblioteket@bykle.kommune.no](mailto:biblioteket@bykle.kommune.no) / FB: Bykle folkebibliotek

### Tømekalender

Restavfall: 05.04  
Matavfall: 05.04, 19.04  
Papir, glass/metall, plast: 19.04

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:  
- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30 **Stengt 06.04**  
- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad  
[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)

### Gudstenester

**Fjellgardane kyrkje, 3.april kl 16.00:** Open kyrkje med vaflar v/ prostidiakon Per Emanuelen

**Fjellgardane kyrkje, 5.april kl 16.00:** Open kyrkje med vaflar v/ prostidiakon Per Emanuelen

**Fjellgardane kyrkje, 5.april kl 18.00:** Kveldsbøn v/prostidiakon Per Emanuelen. Orgelmusikk

**Bykle kyrkje, 6.april kl 19.00:** Skjærtorsdagsgudsteneste

**Bykle kyrkje, 9.april kl 09.00:** 1. Påskedagsgudsteneste

**Bykle kyrkje, 23.april frå kl 15.30:** Familiesamling ved Bykle kyrkje: Speidarane m.fl. arrangerer uteaktivitetar /leik og bålpanne -mat. Avslutning med friluftsgudsteneste kl 17:00.

### Konsert i Bykle kyrkje «Visst skal våren kome»

15.april kl 17.00 i Bykle kyrkje

Med Evje og Hornnes menighetskor og Vennesla menighetskor.

Medan det er krig, inflasjonstider og våren nærmar seg, får me høyre songer om håp og fred. Tekstane tilhøyrer Eyvind Skeie og musikken er laga av Sigvald Tveit. Heile kantaten er inspirert av tekstar Openberringa i Bibelen. I oktober i fjor vart kantaten framført i Vennesla kyrkje.

Dirigent og pianist: Thomas Stanghelle, Oxana og Bernard Emmelkamp, Thor Magne Vesterhus(cello), Morten Hamra (klarinet), Ann Kristin Odderstøl(fløyte), Solister: Renate Aasen, Jo Inge Rosseland, Mardon Jørgensen, Roma Nilsen.  
Bill. kr. 150 ved inngong.

Arr:  
Bykle  
sokneråd i  
samarbeid med  
kora



HOVDEN GRENDEHUS  
5. APRIL  
KL. 17.30

PK & HÅVARD  
KJENDE FRÅ  
BARNE-TVPROGRAMMET  
"BARN INGEN  
ADGANG" KJEM  
TIL HOVDEN  
GRENDEHUS!



VAKSNE: 150 KR  
BARN: 100 KR



### Basar i Skafsåheii Fjellkyrkje

Skjærtorsdag kl. 1200-1600

Ta turen innom Fjellkyrkje denne dagen. Vi har mange flotte gevinstar. Du kan bruke kontantar, vippse eller bruke terminal. Her får du slappe av og hygge deg med smørgraut, rjomegraut, pølser, kaker, kaffi og brus. Trekking kl. 1600. Velkomen!



Arr. **Fjellkyrkjelaget**

### Klippen Bykle

Møte søndag 16.04 kl.16.00

Hans Erik Haldorsen taler

### Det vert påskemøte i Hoslemo bedehus

Skjærtorsdag 6.april og Langfredag 7.april kl.19.30

Tale av Åge Solsvik.

Arr. **Misjonssambandet**

### Klassisk kyrkjekonsert med Kammersolistane Bykle kyrkje 3.april kl 19.00

Ingrid Vetlesen, sopran og Siv Oda Hagerupsen, alt

Bill. i døra, Vipps. Vaksne kr 200, Under 16 år gratis

Stabat mater dolorosa (latin for «Stod der moren, fylt av smerte») er ei katolsk hymne frå 1200-tallet. Teksten skildrar Maria sine lidningar under korsfestinga av sønnen Jesus Kristus. Den vart tidligare tilskrive Jacopone da Todi, men i dag reknast Bonaventura som den mest sannsynlege forfattaren. Hymna er eit fast innslag i den katolske liturgien og framførast ofte under den katolske kyrkja sin minnedag for jomfru Maria (Beata Maria Virgo Perdolens), den 15. september, samt fredag før palmesundag.

Arr: **Bykle sokneråd og Scandinavian chamber solists**



### BARN INGEN ADGANG!

med PK og Håvard

PK. og Håvard frå TV-serien «Barn ingen adgang» elsker eksperiment og eksplorative overraskingar. Jo villare dess betre!

Nå møtest gutta på scena for å gjere det dei liker aller best: Å teste ut både nye og velkjente eksperiment. Håvard tek med seg gitaren for å gjere dette til ein naturfagtime PK ikkje har heilt kontroll over.

Onsdag 5. april klokka 17:30 brakar det laus på Hovden grendehus.

Moro for ungar fra 6 til 100 år!